

Vekeplan 9. trinn

Veke 5 og 6

LÆRINGSMÅL DENNE PERIODEN:	
Norsk	• Kunna sjangertrekk til ei novelle • Kunna skriva ei novelle og bruka språklege verkemiddel • Lesa og skriva skjønnlitterære tekstar • Kunna gje tilbakemelding på andre sine tekstar, og eigenvurdera eigen tekst
Engelsk	• Reading, writing and speaking about fantasy literature and the universe • Using adverbs • Analyzing literature and using literary terms.
Matematikk	• Utrekning av omkrins og areal av ulike polygonar • Utforsking av geometriske problemstillingar • Ulike tredimensjonale figurar og eigenskapane deira • Arealet av overflata til tredimensjonale figurar • Volumet av tredimensjonale figurar
Samfunnsfag	• Drøfta korleis framstillingar av fortida, hendingar og grupper har påverka og påverkar haldningane og handlingane til folk. • Reflektera over korleis menneske har kjempa og kjempar for endringar i samfunnet og samstundes har vore og er påverka av geografiske forhold og historisk kontekst. • Gjera greie for årsaker til og konsekvensar av sentrale historiske og notidige konflikhtar og reflektera over om endringar av nokre føresetnader kunne ha hindra konfliktane. • Utforska korleis teknologi har vore og framleis er ein endringsfaktor, og drøfta innverknaden teknologien har hatt og har på enkeltmenneske, samfunn og natur.
KRLE	• Utforska og presentera sentrale trekk ved kristendommen • Forklara korleis kristendommen vart ein eigen religion og spreidde seg til heile verda • Utforska og drøfta korleis kristendommen inngår i historiske endringsprosessar globalt og nasjonalt • Bruka og drøfta sentrale kristne omgrep • Utforska kristne sine perspektiv • Presentera viktige trekk ved dei stor kristne trussamfunna • Vurdera kritisk ulike kjelder til kunnskap om kristendommen

Naturfag	Beskrive nervesystemet og forklare korleis nervesignalet blir overførte frå celle til den neste
Spansk	- Å snakka om noko som har skjedd - Å snakka om ferieopplevingar - Ir + preposisjonar - Kultur: Spania og Barcelona
Tysk	- Kunna bruka presens perfektum munnleg og skriftleg - Kunna snakka om ein idrett/aktivitet
Eng fordj	- Listening tasks 10 new irregular verbs - Film watching - Proverbs and sayings
Arbeidslivsfag	- Arbeida sjølvstendig og sjå kva som må gjerast i jobben - Yta service for kundar - Øva på å snakka med andre ansatte på arbeidsplassen
Kroppsøving	Basketball\Fotball - Trena på og utvikla ferdigheiter i varierte bevegelsesaktivitetar - Trena på og utvikla ferdigheiter i lagidrettar og alternative bevegelsesaktivitetar/individuelle idrettar. Innsats: - Praktisera innsats ved å bruka eigne ferdigheiter og kunnskapar på ein slik måte at det kan medverka til framgang for andre - Prøva å løysa faglege utfordringar etter beste evne utan å gje opp, visa sjølvstende, utfordra eigen fysisk kapasitet og samarbeid med andre
M&H	- Planleggja og bruka eigna reiskap, teknikkar og matlagingsmetodar til å laga trygg og berekraftig mat som gir grunnlag for god helse - Utforska klimaavtrykket til matvarer og gjera greie for korleis matval og matforbruk kan påverka miljøet, klimaet og matsikkerheita - lage mat frå norsk og samisk kultur og frå andre kulturar og samanlikne og utforske råvarer og matlagingsmetodar som blir brukte i ulike matkulturar
Musikk	- Forstå grunnleggjande musikkteori - Spela gitar eller piano
Kantine	- Vita kva vurderingskriteria for faget er - Planlegga dei praktiske øktene - Laga god og ernæringsriktig mat - Halda god hygiene - Jobba med rekneskap og plakatdesign - Gjennomføra sal

	• Hugs forkle og hårstrikk til alle kjøkkenøker
Fysisk aktivitet	• Vera ein god lagspelar og gjera kvarandre gode. • Kunna oppmuntra, inkludera og samarbeida godt med alle.
Friluftsliv	• Gjennomføra turar i nærområdet • Ha sporlaus ferdsel • Laga mat på stormkjøkken
Design/redesign	• Redesigna i ulike materiale på ein kostnadseffektiv og miljøbesparende måte.
Innsats for andre	• Planleggja og utvikla sosiale tiltak som bidreg til eit inkluderande samfunn. • følgje etiske retningslinjer og tilpassa kommunikasjonen til ulike målgrupper
Olweus	• Inkludera alle i klassen

INFORMASJON TIL HEIMEN
Ny termin Då er me i gang med ny termin, og det kan vera lurt å setja seg nokre mål for ny termin! Karakterane for første termin ligg ute, og det ligg tilbakemeldingar i Visma som ein bør sjekka opp. Er det eit fag ein vil jobba litt ekstra med? Skal ein jobba litt meir i timane? Skal eg forbedra karakteren i orden eller åtferd? Ta ein drøys heime om kva mål for denne terminen skal vera! Skitur I veke 7 reiser me truleg på skitur til Stavtjørn. Elevane kan velga mellom å stå på slalomski (200kr for heiskort), gå på langrennstur (kan låna gratis langrennsski) eller aka på akebrett eller kjelke. Meir info kjem seinare, men det kan vera lurt å sjekka om ein har det utstyret ein treng eller ein må låna utstyr. Ta kontakt med skulen om ein ynskjer å låna langrennski eller varme klede. Studentar I veke 6-8 vil det vere stundentar frå UiS på 10. trinnet, men dei skal og ha noko undervining på 9. trinnet. Vi håpar alle elevane tek dei godt imot. Forfattarbesøk Onsdag veke 5 får me besøk av forfattar Erling Flote som skal fortelja om bøkene sine og korleis det er å vera forfattar. Barnetråkk På måndag i veke 5 skal elevane vera med på Barnetråkk som er ei undersøking der elevane

kartlegg kor dei går og sykklar, kor dei samlar seg i fritida, kor er det utrygt å sykla og gå og om det er noko dei ynskjer å endra i trafikkbiletet. Tilbakemeldingane bruker kommunen for å kartleggja kor det er behov for forbetringar, og at det blir trygt for elevane å ferdast i kommunen.

Vinterballet

Me hadde eit veldig kjekt vinterball på torsdag! Tusen takk til alle føresette som var med og hjalp oss med gjennomføringa.

Helsing oss på 9.trinn

PRØVAR, INNLEVERINGAR OG FRAMFØRINGAR

Fag	Kva	Vurdering	Veke/dato
Norsk	skriveøkt	Karakter	Tors v. 5

HEIMEARBEID VEKE 5

Norsk	Les 3 * 20 minutt i boka di. Legg inn kor mange sider du har lese, og skriv eit lite samandrag på OneNote i slutten av veka.
Engelsk	Sjå denne videoen: Is The Hunger Games a Dystopian Story? Og svar på spørsmål på ON
Matematikk	Gjer oppgåvene 2.190, 2.191 og 2.194 frå i oppgåveboka s. 93-96.
Samfunnsfag	1. Kva tenkjer du på når du høyrer ordet verdskrig? Nemn minst tre stikkord. 2. Sorter desse landa på kvar si side av første verdskrig: Tyskland, Serbia, Austerrike-Ungarn, Frankrike, Russland, Belgia, Storbritannia.
KRLE	Forklar omgrepa: synd, tru, frelse, tilgiving og nåde med eigne ord. (Bruk s.185-186 i store spørsmål) Tru, frelse og tilgiving treng ikkje ha ei kristen forklaring, kva betyr orda for deg.
Naturfag	Gjer oppgåve 1-4 i Solaris 9, s. 97
Spansk	Kristian si gruppe: Bli ferdig med 'mis planes para el 2026'

Tysk	Skriv setningane på side 88 og 89 -som står i presens- om til presens perfektum. (7 setningar. «Skaten finde ich total cool» = «Skaten habe ich total cool gefunden» osv.)
Eng fordj	Check ON and also send your little essay about you holiday
Kroppsøving	Basketball: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne.
Musikk	Pass på at du forstår musikkteorien me har gått gjennom. Når du skal spele gitar eller piano, er det viktig å forstå at det er hardt arbeid å lære seg dette. Øv godt i timane, og dersom du ikkje får tilfredstillande progresjon, må du øve utanom. Øv godt i timane og dersom du ikkje får tilfredstillande progresjon, må du øve utanom.
M&H	På kjøkken: • Tacopai • Quiche lorraine • Blåbærpai Teori: Prossesert mat
Kantine	Vegard si gruppe lagar mat Anne Marie si gruppe møter i 10A sitt klasserom
Fysisk aktivitet	Basketball og innebandy. Hugs inneklede og innesko. Møt opp i Timehallen om det ikkje kjem anna info på Teams.
Friluftsliv	Møt i klasserommet til 9C. Me skal planlegga tur og mat på stormkjøkken.
Innsats for andre	Møt i 9D sitt klasserom.

HEIMEARBEID VEKE 6	
Norsk	Les 3 * 20 minutt i boka di. Legg inn kor mange sider du har lese, og skriv eit lite samandrag på OneNote i slutten av veka.
Engelsk	What could make you day special? Write 10 sentences.
Matematikk	Gjer oppgåvene 2-5 s. 104-105 i oppgåveboka.
Samfunnsfag	Sjå ei nyheitssending i løpet av veka: Dagsrevyen 21 - NRK TV . Skriv 3 setningar om to av nyheitssakene

KRLE	Forklar kva fundamentalistisk, historisk-kritisk og liberalt bibelsyn er. (bruk side 188-192 i store spørsmål)
Naturfag	Teikne ei nervecelle og gje ei kort forklaring på oppgaven til dei ulike delane i cella.
Spansk	Forebu deg til gloseprøve på tysdag. Verbet haber og bøyninger.
Tysk	Les side 92 om Maria Schumann. Oversett teksten til norsk-og skriv i skriveboka di. Sjå på glosene som høyrer til.
Eng fordj	Debates Group yes and Group no – fireworks should be banned, giving gift should not be expected, Valentine's day should be celebrated at school, Xmas celebration at school should be obligatory for all students.
Kroppsøving	Fotball: Hugs å ta med gymklede og sko til å vera inne.
M&H	På kjøkken: • Finnbiff • Potetmos • Samisk brød • Multekrem Teori: Samisk mat og mattradisjon Kapittel 21 i Matopedia.
Musikk	Pass på at du forstår musikkteorien me har gått gjennom. Når du skal spele gitar eller piano, er det viktig å forstå at det er hardt arbeid å lære seg dette. Øv godt i timane, og dersom du ikkje får tilfredstillande progresjon, må du øve utanom.
Kantine	Anne Marie si gruppe produserar
Fysisk aktivitet	Basketball og innebandy. Hugs inneklede og innesko. Møt opp i Timehallen om det ikkje kjem anna info på Teams
Friluftsliv	Møt utanfor hovudinngangen. Me går til Sandtangen for å laga mat på stormkjøkken.
Innsats for andre	Møt i 9D sitt klasserom.